

# RAPPORTER

## FORBRUKSUNDERSØKINGA 1967-1977 SAMANLIKNA MED NASJONALREKNESKAPEN

AV  
HELGE HERIGSTAD

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
OSLO

RAPPORTAR FRÅ STATISTISK SENTRALBYRÅ 79/13

FORBRUKSUNDERSØKINGA 1967-1977  
SAMANLIKNA MED  
NASJONALREKNESKAPEN

AV  
HELGE HERIGSTAD

OSLO 1979  
ISBN 82-537-1001-1



## FORORD

Denne rapporten er ein metodestudie der utviklinga i det private forbruket i forbruksundersøkinga vert samanlikna med tilsvarande oppgåver i nasjonalrekneskåpen. Dessutan vert endringane i matvareprisane i forbruksundersøkinga samanlikna med prisutviklinga i konsumprisindeksen.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 17. juli 1979

Odd Aukrust



## INNHALD

	Side
Tabellregister .....	7
1. Tabellar i teksten .....	9
2. Særskilt tabelldel .....	19
Tekstdel .....	8
1. Innleiing .....	8
a. Opplegg og gjennomføring .....	8
b. Definisjonar .....	8
c. Fråfall .....	8
d. Resultat .....	9
2. Forbruksundersøkinga samanlikna med nasjonalrekneskapen .....	11
3. Prisutviklinga i forbruksundersøkinga samanlikna med konsumprisindeksen .....	17
4. Konklusjon .....	18
Utgitt i serien Rapportar frå Statistisk Sentralbyrå .....	21



## TABELLREGISTER

Side

## Tabellar i teksten

1. Fråfall ved forbruksundersøkinga for hushald i grupper for bustadsstrøk/talet på personar i hushaldet. 1973 - 1977. Prosent .....	9
2. Fråfall etter årsak. 1973 - 1977. Prosent .....	9
3. Gjennomsnittleg forbruksutgift pr. hushald og budsjettprosentar. 1973 - 1977 .....	10
4. Årlege endringar i gjennomsnittleg utgift pr. hushald i løpande og faste prisar. 1973 - 1977. Prosent .....	10
5. Samanlikning av forbruket i nasjonalrekneskapen og forbruksundersøkinga. 1967 - 1977 .....	12
6. Samanlikning av årlege endringar i nasjonalrekneskapen og forbruksundersøkinga før og etter korreksjon for tidsforskyvinga .....	16
7. Samanlikning av prisutviklinga for nokre mat- og drikkevarar i forbruksundersøkinga og konsumprisindeksen. 1975 - 1977. Prosent .....	17

## Særskilt tabelldel

8. Utgift pr. år i løpande kroner, etter vare- og tenestegruppe. 1958, 1967, 1973, 1974 (generelt utval), 1975, 1976, 1977 .....	19
--	----

## 1. Innleiing

Statistisk Sentralbyrå har frå 1974 av gjennomført årlege forbruksundersøkingar. Undersøkingane i 1974, 1975 og 1976 er omtala i ANO (Arbeidsnotater) 76/40, ANO 77/22 og ANO 78/11, og offisielle tal for desse tre åra er publiserte i Forbruksundersøkelse 1974 - 1976 NOS B9.

I denne rapporten vil vi vurdere resultatane frå undersøkinga i 1977 samanlikna med tidlegare år. Dessutan vil vi sjå litt nærare på korleis resultatane i forbruksundersøkinga stemmer overeins med tilsvarende oppgåver i nasjonalrekneskapen og korleis utviklinga i matvareprisane i forbruksundersøkinga stemmer med prisutviklinga i konsumprisindeksen.

### a. Opplegg og gjennomføring

Statistisk Sentralbyrå gjennomførte større generelle forbruksundersøkingar i 1967 og 1973. Frå 1974 av er det gjennomført årlege undersøkingar. Hovudføremålet med undersøkingane er å gi ei detaljert oversikt over forbruket i private hushald.

Utvala til dei årlege undersøkingane er om lag 1 000 - 1 200 hushald som er trekte tilfeldig blant alle private hushald i landet etter Byrået sin utvalsplan.

Forbruksutgiftene vert registrerte ved rekneskapsføring og intervju. Hushalda fører rekneskap over private forbruksutgifter i ein 14-dagarsperiode slik at 1/26 av hushalda fører rekneskap frå 1. til 14. januar, ein annan 1/26 frå 15. til 26. januar osv. Kwart hushald fører eit hovudrekneskapshefte (H-hefte), mens alle hushaldsmedlemane over 15 år fører særskilte rekneskapshefte over eigne utbetalingar (B-hefte).

Alle faktiske utbetalingar i perioden skal registrerast. For mat- og drikkevarer skal både verdi og mengde førast i rekneskapen. Forbruket av eigenprodusert kjøt, fisk og bær og mottekne gåver i naturalia skal også takast med.

Utgiftene til varer og tenester som hushaldet kjøper relativt sjelden, vert registrerte i avslutningsintervjuet. Dette gjeld t.eks. utgifter til bustad, kjøp av private transportmiddel, hushaldsmaskinar, kostbare klesartiklar o.l.

Det har ikkje vore større endringar i opplegget dei siste åra.

### b. Definisjonar

Som hushald er rekna personar som bur i same bustad og har felles kost (minst eit måltid pr. dag).

Forbruksutgift i alt omfattar alle utbetalingar som hushalda har i rekneskapsperioden rekna om til tal for heile året. "Inntekt" ved eventuelt sal eller innbyte av varige forbruksgoder er trekt frå.

Utgifter til direkte skattar, trygdepremiar, gitte gåver, realinvesteringar og kontraktmessig sparing er ikkje inkludert i forbruksutgift i alt. Verdien av forbruket av eigenproduserte varer er verdsett til produsentpris og mottekne gåver til detaljpris.

### c. Fråfall

Tabell 1 viser at fråfallet har vore godt 30 prosent i perioden 1973 - 1977, men at det har gått jamnt nedover frå 1974 til 1977.

Tabell 1. Fråfall ved forbruksundersøkinga for hushald i grupper for bustadsstrøk/talet på personar i hushaldet. 1973 - 1977. Prosent

	1973	1974	1975	1976	1977
I alt .....	29	33	32	31	30
Bustadsstrøk					
Oslo, Bergen, Trondheim .....	43	43	41	35	34
Landet ellers .....	25	30	26	30	27
Talet på personar i hushaldet					
Einsleg .....	49	54	58	51	50
2 eller fleire personar .....	22	26	24	25	24

Tabell 2. Fråfall etter årsak. 1973 - 1977. Prosent

	1973	1974	1975	1976	1977
I alt .....	100	100	100	100	100
Nekting .....	50	46	42	44	44
Sjukdom .....	22	25	25	21	22
Bortreist .....	21	19	22	25	27
Andre årsaker .....	7	10	11	10	7

Årsakene til fråfallet er ifølgje tabell 2 om lag dei same som tidlegare bortsett frå at det synest å verta stadig vanskelegare å treffa folk heime.

#### d. Resultat

Gjennomsnittleg forbruksutgift i alt har auka frå 36 832 kroner i 1973 til 58 830 kroner i 1977. I tabell 3 er desse utgiftene fordelte på 9 hovedgrupper av varer og tenester. Tabellen viser kva endringar i forbrukssamansetjinga som har skjedd dei siste åra. Ein stadig mindre del av forbruket går til mat (20,2 prosent i 1977) og delvis også til drikkevarer og tobakk og klede og skoty. På den andre sida går ein aukande del av utgiftene til reiser og transport (20,5 prosent), fritids-syslar (12,5 prosent) og bustad, lys og brensel (14,8 prosent). Budsjettprosentane til møblar og hushaldsartiklar, helsepleie og andre varer og tenester viser derimot små endringar. Tabell 8 i tabellvedlegget viser forbruket for meir detaljerte varegrupper.

Når vi vurderer desse tala, må vi sjølvsagt vera klare over at dei årlege tala er usikre og at vi ikkje kan seia noko sikkert om endringane frå år til år. Tendensane over fleire år må vi derimot kunna stola meir på.

Tabell 4 gir dei årlege endringane i forbruksutgiftene i løpande og faste prisar. Forbruksutgiftene i alt har auka med 10-15 prosent pr. år i perioden 1973 til 1977 målt i løpande prisar. I faste prisar har derimot auken berre vore eit par prosent i gjennomsnitt pr. år. Veksten i utgiftene har vore særleg sterk dei siste to åra.

Tabell 3. Gjennomsnittleg forbruksutgift pr. hushald og budsjettprosentar. 1973 - 1977

Vare- og tenestegruppe	Gjennomsnittleg utgift pr. hushald. Kroner					Budsjettprosentar				
	1973	1974	1975	1976	1977	1973	1974	1975	1976	1977
Forbruksutgift i alt .....	36 832	40 876	43 963	50 387	58 830	100	100	100	100	100
Matvarer .....	8 823	9 302	9 857	10 988	11 861	24,0	22,8	22,4	21,8	20,2
Drikkevarer og tobakk .....	1 813	1 948	1 827	2 135	2 241	4,9	4,8	4,2	4,2	3,8
Klede og skoty .....	3 881	4 173	4 336	5 006	5 479	10,5	10,2	9,9	9,9	9,3
Bustad, lys og brensel .....	4 746	5 695	6 386	7 189	8 730	12,9	13,9	14,5	14,3	14,8
Møblar og hushaldsartiklar ....	3 447	4 127	4 380	4 851	5 894	9,4	10,1	10,0	9,6	10,0
Helsepleie .....	850	910	852	1 147	1 202	2,3	2,2	1,9	2,3	2,0
Reiser og transport .....	7 181	7 520	8 075	9 615	12 075	19,5	18,4	18,4	19,1	20,5
Fritidssyslar og utdanning ....	3 585	4 356	5 000	5 500	7 322	9,7	10,7	11,4	10,9	12,5
Andre varer og tenester .....	2 506	2 847	3 250	3 957	4 026	6,8	7,0	7,4	7,9	6,8
Talet på hushald .....	3 363	936	1 117	1 173	994					
Personar pr. hushald .....	2,88	2,97	2,78	2,81	2,82					

Tabell 4. Årlege endringar i gjennomsnittleg utgift pr. hushald i løpande og faste prisar. 1973 - 1977. Prosent

Vare- og tenestegruppe	Løpande prisar				Faste prisar			
	1973/ 1974	1974/ 1975	1975/ 1976	1976/ 1977	1973/ 1974	1974/ 1975	1975/ 1976	1976/ 1977
Forbruksutgift i alt .....	11,0	7,6	14,6	16,8	1,5	-3,7	5,0	7,0
Matvarer .....	5,4	6,0	11,5	7,9	-3,0	-7,9	1,2	-0,4
Drikkevarer og tobakk .....	7,4	-6,2	16,9	5,0	2,0	-17,5	5,2	-2,0
Klede og skoty .....	7,5	3,9	15,5	9,4	-2,2	-3,2	7,4	-0,9
Bustad, lys og brensel .....	20,0	12,1	12,6	21,4	6,8	2,1	4,3	11,5
Møblar og hushaldsartiklar ....	19,7	6,1	10,8	21,5	6,5	-6,4	2,3	12,3
Helsepleie .....	7,1	-6,4	34,6	4,8	0,7	-18,6	21,4	-3,2
Reiser og transport .....	4,7	7,4	19,1	25,6	-4,7	-1,7	8,2	13,6
Fritidssyslar og utdanning ....	21,5	14,8	10,0	33,1	14,2	5,3	1,9	23,4
Andre varer og tenester .....	13,6	14,2	21,8	1,7	3,4	-1,6	11,6	-7,4

## 2. Samanlikning med nasjonalrekneskapen

Forbruksundersøkinga skal i prinsippet måla det same som det private forbruket i nasjonalrekneskapen. Men vi kan ikkje venta at forbruksundersøkinga og nasjonalrekneskapen skal visa eksakt same forbruk då opplegget i desse to statistikkane er svært ulike. Forbruksundersøkinga er ei utvalsundersøking som går direkte på forbruket i private hushald mens nasjonalrekneskapen tek utgangspunkt i total tilgang av varer og tenester. Som ei følge av dette er det også fleire definisjonsskilnader mellom FBU og NR. Likevel bør ikkje resultatata vera vidt forskjellige og vi skulle også tru at forskjellen ikkje bør auka med åra.

Samanlikningar i seinare tid tyder på at forbruksundersøkinga stort sett viser lågare utgifter enn nasjonalrekneskapen og dei årlege endringane er nokså ulike. Dessutan synest den relative forskjellen å ha auka.

Her vil vi freista sjå litt nærare på utviklinga i desse statistikkane. Forbruksundersøkinga har nå data for 6 år, 1967 og 1973 - 1977, og dette gir grunnlag for ei viss samanlikning over tid. Vi vil ikkje gå detaljert inn på krar varegruppe, men vurderer utviklinga for hovudgrupper av varer og tenester.

Vi forkortar forbruksundersøkinga til FBU og nasjonalrekneskapen til NR.

I tabell 5 er resultatata frå desse to statistikkjeldene samanlikna for åra 1967 - 1977. Resultata i FBU er blese opp til totalforbruk for heile landet ved å multiplisera forbruket for gjennomsnittshushaldet med talet på hushald i landet. Talet på hushald i landet er rekna ut slik:

År	Middelfolkemengde <sup>1)</sup>	Personar pr. hushald i FBU <sup>2)</sup>	Talet på hushald
1967	3 786 019	3,06	1 237 261
1973	3 960 613	2,88	1 375 213
1974	3 985 258	2,97	1 341 838
1975	4 007 313	2,78	1 441 479
1976	4 026 152	2,81	1 432 794
1977	4 043 175	2,82	1 433 750

Ei slik oppblåsing er ikkje utan problem. Vi kjenner for det første ikkje kor mange hushald det er alt i alt i landet, men må gjera eit (usikkert) overslag over dette. Dessutan går vi indirekte ut frå at alle personane i storhushald som helseinstitusjonar, militærforlegningar o.l. har det same forbruket som personane i gjennomsnittshushaldet. Men sannsynligvis gjer vi ikkje nokon stor feil ved å nytta denne framgangsmåten.

Forbruket i NR har vi for åra 1967 - 1974 teke frå NOS-publikasjonen Nasjonalrekneskap 1967 - 1972, mens tala for 1975 - 1977 er teke frå maskinlister frå Nasjonalregneskapskontoret over siste reviderte nasjonalrekneskapstal.

Tabell 5 er korrigert for ein klar definisjonsforskjell. NR reknar utgifter ved helseinstitusjonane som privat forbruk, mens dette ikkje vert registrert i FBU. Desse utgiftene er difor haldne utanfor samanlikninga i tabell 5.

Ifølgje tabellen viser FBU gjennomsnittleg om lag 15 prosent lågare forbruk enn NR. For totalforbruket har denne forskjellen auka frå 10 prosent i 1973 til 15 prosent i 1977, mens forskjellen var heile 18 prosent i 1967. Skilnaden er særleg stor for matvarer og tobakk, helsepleie og andre varer og tenester. Drikkevarer og tobakk og helsepleie veit vi er dårleg registrerte i FBU. Derimot er det vanskelegare å forstå kvifor matforbruket viser så store avvik. Dette er den forbruksgruppa som ein skulle tru var lettast å få riktig registrert - i allfall i FBU. Men det er nettopp denne gruppe som viser størst auke i forskjellen (9 prosent i 1973 mot 21 prosent i 1977).

På den andre sida viser FBU høgare forbruk av reiser og transport og fritidssyslar enn NR. Denne forskjellen har likevel minka sterkt for reiser og transport sitt vedkommande frå 1973 til 1977 - noko som også kan vera vanskeleg å forstå.

1) Jmf. Statistisk Årbok 1973, tabell 6. 2) Jmf. Tabell 8 i tabellvedlegget.

Tabell 5. Samanlikning av forbruket i nasjonalrekneskapan og forbruksundersøkinga 1967 - 1977

		1967	1973	1974	1975	1976	1977
I alt	Mill.kr FBU	25 982	50 652	54 849	63 372	72 194	84 395
	" NR	31 505	56 345	63 786	74 899	86 309	98 921
	Endr. Pst. FBU		95,0	8,3	15,5	13,9	16,9
	" NR		78,8	13,2	17,4	15,2	14,6
	Verdiindeks FBU	51,3	100,0	108,3	125,1	142,5	166,6
	" NR	55,9	100,0	113,2	132,9	153,2	175,6
Ekskl. utgifter i helseinst.	FBU/NR	0,825	0,899	0,860	0,846	0,836	0,853
Matvarer	Mill.kr FBU	7 681	12 134	12 482	14 209	15 744	17 052
	" NR	8 122	13 382	14 805	17 304	19 285	21 493
	Endr. Pst. FBU		58,0	2,9	13,8	10,8	8,3
	" NR		64,8	10,6	16,9	11,4	11,4
	Verdiindeks FBU	63,3	100,0	102,9	117,1	129,8	140,5
	" NR	60,7	100,0	110,6	129,3	144,1	160,6
	FBU/NR	0,95	0,91	0,84	0,82	0,82	0,79
Drikkevarer og tobakk	Mill.kr FBU	1 060	2 493	2 614	2 634	3 059	3 213
	" NR	2 534	4 574	4 992	5 870	6 494	7 147
	Endr. Pst. FBU		135,2	4,9	0,8	16,1	5,0
	" NR		80,5	9,1	17,6	10,6	10,1
	Verdiindeks FBU	42,5	100,0	104,9	105,7	122,7	128,9
	" NR	55,4	100,0	109,1	128,3	142,0	156,3
	FBU/NR	0,42	0,55	0,52	0,45	0,47	0,45
Klede og skoty	Mill.kr FBU	3 200	5 337	5 599	6 250	7 173	7 855
	" NR	3 546	5 566	6 055	6 939	7 970	9 320
	Endr. Pst. FBU		66,8	4,9	11,6	14,8	9,5
	" NR		57,0	8,8	14,6	14,9	16,9
	Verdiindeks FBU	60,0	100,0	104,9	117,1	134,4	147,2
	" NR	63,7	100,0	108,8	124,7	143,2	167,4
	FBU/NR	0,90	0,96	0,92	0,90	0,90	0,84
Bustad, lys og brensel	Mill.kr FBU	3 037	6 527	7 642	9 205	10 300	12 517
	" NR	4 451	8 133	9 428	10 845	12 445	14 300
	Endr. Pst. FBU		114,9	17,1	20,5	11,9	21,5
	" NR		82,7	15,9	15,0	14,8	14,9
	Verdiindeks FBU	46,5	100,0	117,1	141,0	157,8	191,8
	" NR	54,7	100,0	115,9	133,3	153,0	175,8
	FBU/NR	0,68	0,80	0,81	0,85	0,83	0,88
Møbler og hush. art.	Mill.kr FBU	2 499	4 740	5 538	6 314	6 950	8 451
	" NR	2 670	5 171	6 168	7 154	8 347	9 627
	Endr. Pst. FBU		89,7	16,8	14,0	10,1	21,6
	" NR		93,7	19,3	16,0	16,7	15,3
	Verdiindeks FBU	52,7	100,0	116,8	133,2	146,6	178,3
	" NR	51,6	100,0	119,3	138,3	161,4	186,2
	FBU/NR	0,94	0,92	0,90	0,88	0,83	0,88
Helsepleie ekskl. helseinst.	Mill.kr FBU	499	1 169	1 221	1 228	1 643	1 724
	" NR	876	1 845	2 072	2 395	2 636	3 001
	Endr. Pst. FBU		134,3	4,4	0,6	33,8	4,9
	" NR		110,6	12,3	15,6	10,0	13,8
	Verdiindeks FBU	42,7	100,0	104,4	105,0	140,6	147,5
	" NR	47,5	100,0	112,3	129,8	142,9	162,7
	FBU/NR	0,57	0,63	0,59	0,51	0,62	0,57
Reiser og transport ekskl. bilforsikring	Mill.kr FBU	4 099	9 875	10 090	11 640	13 776	17 313
	" NR	3 885	7 231	8 243	10 056	12 441	15 166
	Endr. Pst. FBU		140,9	2,2	15,4	18,4	25,7
	" NR		86,1	14,0	22,0	23,7	21,9
	Verdiindeks FBU	41,5	100,0	102,2	117,9	139,5	175,3
	" NR	53,7	100,0	114,0	139,1	172,1	209,7
	FBU/NR	1,06	1,37	1,22	1,16	1,11	1,14
Fritidssyslar og utdanning	Mill.kr FBU	2 155	4 930	5 845	7 207	7 880	10 498
	" NR	2 446	4 730	5 551	6 575	7 790	8 847
	Endr. Pst. FBU		128,8	18,6	23,3	9,3	33,2
	" NR		93,4	17,4	18,4	18,5	13,6
	Verdiindeks FBU	43,7	100,0	118,6	146,2	159,8	212,9
	" NR	51,7	100,0	117,4	139,0	164,7	187,0
	FBU/NR	0,88	1,04	1,05	1,10	1,01	1,19

Tabell 5 (framh.). Samanlikning av forbruket i nasjonalrekneskapen og forbruksundersøkinga 1967 - 1977

		1967	1973	1974	1975	1976	1977
Andre varer og tenester	Mill.kr FBU	1 752	3 446	3 820	4 685	5 670	5 772
	" NR	2 975	5 713	6 472	7 761	8 901	10 020
	Endr. Pst. FBU		96,7	10,9	22,6	21,0	1,8
	" NR		92,0	13,3	19,9	14,7	12,6
	Verdiindeks FBU	50,8	100,0	110,9	136,0	164,5	167,5
	" NR	52,1	100,0	113,3	135,8	155,8	175,4
	FBU/NR	0,59	0,60	0,59	0,60	0,64	0,58

1) Standardavvik 0,049.

Vi har som nemnt korrigert tabell 5 for utgiftene i helseinstitusjonar. Tilsvarande er det ei rekkje andre definisjonsskilnader mellom FBU og NR som vi ikkje har korrigert for i tabellen, men som delvis kan forklåra kvifor dei to statistikkane viser ulike resultat.

NR-tala i tabellen inkluderer utlendingar sitt forbruk i Noreg, mens FBU ikkje har dette med. Dette forbruket utgjer om lag 2 - 3 milliardar kroner i NR, og mykje av dette er vel matvarer. På den andre sida er ikkje nordmenn sitt forbruk i utlandet inkludert i NR-tala i tabellen. Dette skal i prinsippet vera med i FBU, men vi får sannsynligvis i lita grad registrert forbruk i utlandet.

NR inkluderer berre frie reiser for tilsette i Jernbanen, Sporveiene og busselskapa mens FBU også omfattar frie reiser med tenestebil. Før 1976 registrerte ikkje NR sal av bruktbilar. Frå 1976 av har ein lagt inn eit overslag over sal av brukte bilar frå næringslivet til private hushald. Men verdien av dei tenestene som forhandlarane av bruktbilar yter (avanse på bruktbilar), er framleis ikkje med i NR. Dette er derimot inkludert i FBU.

FBU reknar heile kjøpesummen av ein ny bil som forbruk. Dersom denne bilen også vert brukt til tenestekjøring, burde berre ein del av kjøpesummen vore registrert som privat forbruk ifølgje SNA. Bilar som berre vert brukte i næringsdrift, vert ikkje registrerte i FBU. I NR fordeler ein total-salet av bilar på privat forbruk og næringsdrift. Til dette brukar ein oppgaver over import, vareinn-sats i industri og talet på førstegongsregistrerte bilar. Men også her vil ein ha problem med bilar til private næringsdrivande (bønder, håndverkarar, handelsfolk osb.). Desse momenta kan kanskje delvis forklara kvifor utgiftene til reiser og transport i FBU er høgare enn i NR. Utgiftene til bilfor-sikring vert registrerte brutto i FBU og netto i NR. Dette betyr at FBU reknar heile forsikrings-premien som forbruk mens NR berre reknar som forbruk differansen mellom innbetalt premie og utbetalte erstatningar. På den andre sida reknar ikkje FBU reparasjonar av bilar som forbruk når slike repara-sjonar vert betalte av forsikringsselskapa, mens desse reparasjonsutgiftene er med i NR. I prinsippet skal difor utgiftene til skadeforsikring ha same omfang i FBU og NR med den forskjell at FBU regist-rerer dette som utgifter til forsikring, mens NR registrerer det som utgifter til reparasjonar. Når det gjeld utgiftene til ansvars- og ulykkesforsikring, så reknar FBU også her heile premien som for-bruk, mens NR berre har med differansen mellom innbetalt premie og utbetalte erstatningar. FBU vil difor ha litt for høge tal her i forhold til NR.

Forbruket av andre varer og tenester i NR omfattar ulike tenester frå interesseorganisasjonar, religiøse og kulturelle organisasjonar o.l. Dette er ikkje med i FBU. Desse tenestene utgjer om lag 2 milliardar kroner i NR.

I Rapportar nr. 5 er det dessutan vist at det er store forskjellar i korleis utgiftene til Bustad, lys og brensel vert rekna ut i dei to statistikkane.

Måle metodane i dei to statistikkane er dessutan svært ulike. NR tek utgangspunkt i total til-gang av varer og tenester og via ei rekkje utrekningar og fordelingar kjem ein fram til endeleg for-bruk i private hushald. I denne prosessen ligg det mange utrekningar og fordelingar som i stor grad er baserte på skjønn. Dette gjeld spesielt for tenestene. Ein kjenner til ei viss grad - men vel også her med målefeil - totalomfanget av ein aktivitet. Men ein manglar ofte data til å vita eksakt

kor mykje som er privat forbruk og kor mykje som er vareinnsats eller investering. I staden brukar ein fordelingsstal som mykje er fastsette ved skjønn og som i stor grad er konstante frå år til år. Ut frå den situasjonen ein er i, er dette sikkert det beste ein kan gjera. Spørsmål er her likevel om ikkje dette kan bety mykje for samanlikninga med FBU.

På den andre sida registrerer FBU forbruket direkte ved rekneskap og intervju. Men utvalet er lite kvart år og rekneskapsperioden er berre 2 veker. Dessutan er det opplagt visse måleproblem ved denne undersøkinga - t.eks. ved at folk nektar eller gløymer å føra opp alle utgiftene. Det er t.eks. velkjend at alkoholforbruket er svært dårleg registrert i FBU. Dette gjer at resultatata i dei årlege undersøkingane er heller usikre, mens vi kan stola meir på resultatata over i årrekke.

På denne bakgrunnen kan vi ikkje venta at FBU og NR skal visa same forbruk. Likevel synest tabell 5 på mange måtar å visa ei nokså lik utvikling i forbruket i dei to statistikkane. Dette gjeld i alle fall når vi ser på forbruksutgiftene i alt. Totalforbruket eksklusive utgifter i helseinstitusjonar auka såleis frå 1973 til 1977 med 66,6 prosent i FBU mens NR viser ein auke på 75,6 prosent. Og dette gjeld før vi har korrigert for ei rekkje definisjonsforskjellar. Dessutan kjem til at auken i FBU på 66,6 prosent har eit standardavvik på 4,9 prosenteyningar. Skilnaden mellom dei to metodane er difor heller ikkje statistisk sikker. Denne konklusjonen gjeld i endå sterkare grad om vi går ut frå at også grunnlagsmaterialet i NR kan vera noko usikkert.

Utgangspunktet for ei slik samanlikning kan også vera avgjerande. Tek vi t.eks. 1967 som utgangspunkt i tabell 5, viser FBU ein auke i totalforbruket på 225 pst. fram til 1977, mens NR viser ein tilsvarande auke på 214 prosent. I dette tilfelle er altså endringane nesten identisk like.

Vi ser elles av tabell 5 at skilnaden i vekst mellom FBU og NR er særleg stor i 1974, då FBU her viser ein auke frå 1973 på 8,3 prosent mens NR viser 13,2 prosent. Det er særleg matvarer, drikkevarer og tobakk, klede og skoty, helsepleie og reiser og transport som dette året har mykje lågare vekst i FBU enn i NR. Alle desse gruppene - med unntak av matvarer - viser ein sterkare auke frå 1967 til 1973 i FBU enn i NR, noko som også gjeld forbruksutgiftene i alt. Dette kan kanskje tyda på at utgiftene i FBU i 1973 er spesielt høge (stort positivt avvik).

Sjølv om utviklinga i totalforbruket over fleire år stemmer bra overeins i FBU og NR, er det større skilnader i dei årlege endringane i desse to statistikkane. Men noko av dette kan forklarast ved ulik registreringsperiode. For ein del større kjøp som bilar, hushaldsmaskinar, TV o.l. og for ein stor del av bustadsutgiftene, registrerer FBU utgiftene i dei siste 12 månadene før intervjuet - ikkje i det året undersøkinga gjeld. I alt dreier dette seg om cirka ein tredjedel av totalforbruket i FBU. NR derimot registrerer forbruket i det året forbruket faktisk finn stad. For ei stor gruppe varer ligg såleis FBU gjennomsnittleg eit halvt år etter NR, og dette kan til ei viss grad forklara kvifor FBU og NR viser nokså ulike årlege endringar. Spesielt kan desse ulike registreringsmetodane slå ut i ulike endringstal når det er store svingningar i forbruket. Dette har nettopp vore tilfelle i dei siste åra med ein sterk auke i 1976/1977 og nedgang i 1977/1978.

Vi har freista rekna litt på kva dette kan bety for samanlikninga mellom FBU og NR. Grunnlaget for utrekningane er forbruket i FBU i kvart kvartal for dei varene som er registrerte som kjøpte siste 12 månader. Ut frå oppgåvene i detaljomsetningsindeksen har vi gjort overslag over korleis sesongsvingningane for desse varene er. Og på grunnlag av dette har vi så fordelt det registrerte forbruket på fire kvartal bakover frå registreringstidspunktet. Den gjennomsnittlege sesongvariasjonen i bilsalet dei siste åra har t.eks. vore

1. kvartal	22	prosent
2. "	28	"
3. "	26	"
4. "	<u>24</u>	"
		100 prosent

Bilkjøpet slik det er registrert i kvart kvartal i FBU er difor fordelt på følgjande måte for 1975 - 1977.

Reg.kvartal		Kjøpskvartal											
		1975				1976				1977			
		Kvartal				Kvartal				Kvartal			
		1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4
1976	1. kvartal .....	0,11	0,28	0,26	0,24	0,11							
	2. " .....		0,14	0,26	0,24	0,22	0,14						
	3. " .....			0,13	0,24	0,22	0,28	0,13					
	4. " .....				0,12	0,22	0,28	0,26	0,12				
1977	1. " .....					0,11	0,28	0,26	0,24	0,11			
	2. " .....						0,14	0,26	0,24	0,22	0,14		
	3. " .....							0,13	0,24	0,22	0,28	0,13	
	4. " .....								0,12	0,22	0,28	0,26	0,12

Vi har altså gått ut frå at 11 prosent av bilkjøpet som FBU hadde registrert i 1. kvartal 1976, faktisk skjedde i 1. kvartal 1975, 28 prosent av desse bilane vart tilsvarande kjøpte i 2. kvartal 1975 osv., og berre 11 prosent vart kjøpte i registreringskvartalet. Bilkjøpet for kvart kvartal i 1976 og 1977 var:

	1976 Kr	1977 Kr
1. kvartal	2 493	2 836
2. "	2 622	4 780
3. "	2 431	4 146
4. "	2 865	5 643

Desse utgiftene er så fordelte på fire kvartal bakover på grunnlag av oversikta ovanfor. Resultatet vert følgjande (målt i kroner):

		1975				1976				1977			
		Kvartal				Kvartal				Kvartal			
		1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4
1976	1. kvartal ..	274	698	649	598	274							
	2. " ..		367	682	629	577	367						
	3. " ..			316	583	535	681	316					
	4. " ..				344	630	802	745	344				
1977	1. " ..					312	794	737	681	312			
	2. " ..						669	1 243	1 147	1 052	669		
	3. " ..							539	995	912	1 161	539	
	4. " ..								677	1 242	1 580	1 467	677

Ved å summera loddrett for alle kvartala i 1976 og dividera på 4, får vi eit overslag over det faktiske gjennomsnittlege bilkjøpet i 1976 iflg. FBU - 3 266 kroner. Om lag halvparten av dette vil vera registrert i 1976-undersøkinga, og resten kjem frå 1977-undersøkinga. Ut frå dette kan ikkje FBU seia noko sikkert om forbruket i 1977 før 1978-undersøkinga ligg føre. Tilsvarande er gjort for alle andre varegrupper som er registrerte som kjøpt siste 12 månader.

Tabell 6 viser resultatata etter denne korreksjonen. Vi ser her at skilnadene i dei årlege endringstala mellom FBU og NR i stor grad skyldest denne registreringsmåten når det gjeld totalforbruket og forbruket i gruppene Reiser og transport og Fritidssyslar. NR viser t.eks. ein auke på 23,7 prosent frå 1975 til 1976 for gruppa Reiser og transport, mens FBU før korreksjonen viser 18,4 prosent auke for same gruppe. Etter korreksjonen viser derimot FBU 23,7 prosent auke, som er eksakt likt resultatet i NR. På same måten viser NR ein auke i totalforbruket på 15,2 prosent frå 1975 til 1976, mens FBU viser 13,9 prosent før korreksjonen og 15,5 prosent etter korreksjonen.

Derimot fell ikkje korreksjonen i tabell 6 like heldig ut for gruppene Bustad, lys og brensel og Møblar og hushaldsartiklar. Det er særleg undersøkingane i 1973 - 1975 som gir rare utslag her, mens endringa frå 1975 til 1976 for Bustad, lys og brensel i FBU ligg nær opp til NR-talet. Desse to gruppene bør vi kanskje undersøka noko nærare.

Tabell 6. Samanlikning av årlege endringar i nasjonalrekneskapan og forbruksundersøkinga før og etter korreksjon for tidsforskyvinga. Prosent

Vare- og tenestegruppe	Nasjonalrekneskapan			Forbruksundersøkinga før korreksjon			Forbruksundersøkinga etter korreksjon		
	1973/ 1974	1974/ 1975	1975/ 1976	1973/ 1974	1974/ 1975	1975/ 1976	1973/ 1974	1974/ 1975	1975/ 1976
Forbruksutgift i alt <sup>1)</sup> .....	13,2	17,4	15,2	8,3	15,5	13,9	5,8	16,1	15,5
Klede og skoty .....	8,8	14,6	14,9	4,9	11,6	14,8	4,2	13,0	15,3
Bustad, lys og brensel .....	15,9	15,0	14,8	17,1	20,5	11,9	-0,7	22,5	15,7
Møblar og hush.artiklar .....	19,3	16,0	16,7	16,8	14,0	10,1	13,8	19,0	5,4
Reiser og transport .....	14,0	22,0	23,7	2,2	15,4	18,4	4,8	15,3	23,7
Fritidssyslar og utdanning .....	17,4	18,4	18,5	18,6	23,3	9,3	17,1	18,8	14,3
Andre varer og tenester .....	13,3	19,9	14,7	10,9	22,6	21,0	9,9	23,9	20,0

1) Inkluderer også gruppene Matvarer, Drikkevarer og tobakk og Helsepleie.

Utrekningane i tabell 6 er ikkje eksakte, men baserte på noko skjønn. Likevel viser dei klart at denne skilnaden i registreringsperiode kan bety ganske mykje for samanlikninga mellom FBU og NR. Dette gjeld først og fremst når vi ser på dei årlege undersøkingane. Men det vil også kunna spela ei viss rolle når vi samanliknar forbruket over ei årrekke som i tabell 5. Noko av skilnaden i auken frå 1973 til 1977 som vi såg på tidlegare (75,6 prosent i NR mot 66,6 prosent i FBU) vil difor sannsynligvis også kunna forklarast på denne måten i og med at FBU i 1978 sannsynligvis vil visa fortsatt auke for dei varene som er registrerte ved intervju i 1., 2. og delvis 3. kvartal.

Ut frå det som er nemnt her, synest utviklinga i FBU og NR over eit lengre tidsrom å stemma relativt bra overeins. Ein del av skilnaden i dei årlege endringane kan dessutan førast tilbake til ulik registreringsperiode for om lag ein tredjedel av alle varene og tenestene.

Det er likevel visse avvik i dei ulike utgiftsgruppene. Særleg synest auken i matvareutgiftene å stemma dårleg overeins. Dette er det aktuelt å sjå nærare på.

### 3. Prisutviklinga i forbruksundersøkinga samanlikna med konsumprisindeksen

Frå 1975 av har ein registrert både verdi og mengde for mat- og drikkevarer i FBU. Dette gjer det mogeleg å rekna ut prisar pr. kg/l, og sjå på prisutviklinga frå 1975 til 1977. Tabell 7 viser såleis årlege prisendringar i FBU og konsumprisindeksen (KP) for hovudgrupper og for nokre spesifiserte varer.

Stort sett er prisendringane i FBU svært like dei tilsvarande endringane i KP. Dette gjeld først og fremst når vi ser på detaljerte varegrupper. FBU viser t.eks. at mjølkeprisen auka med 9,2 prosent frå 1975 til 1976 og gjekk ned med 9 prosent frå 1976 til 1977. Tilsvarande endringar i KP er 9 prosent auke frå 1975 til 1976 og 11,3 prosent nedgang frå 1976 til 1977. Det er også godt samsvor for havregryn, risgryn, fløyte, ost, egg, smør, margarin, majones, poteter, sukker og sjokolade. Skilnadene er noko større for grønnsakene, men dette kan skyldast at prisane i KP er sesongkorrigerte for desse varene. Dessutan kan ein varierende del av forbruket her vera eigenproduksjon.

Tabell 7. Samanlikning av prisutviklinga for nokre mat- og drikkevarer i forbruksundersøkinga og konsumprisindeksen. 1975 - 1977. Prosent

	FBU			KP		
	1975/ 1976	1976/ 1977	1975/ 1977	1975/ 1976	1976/ 1977	1975/ 1977
Mjøl, gryn og bakervarer .....	-0,4	17,3	16,8	4,5	5,1	9,8
Kveitemjøl .....	-9,1	4,2	-5,3	1,0	0,0	1,0
Havregryn .....	11,6	17,4	31,1	15,1	16,6	34,2
Risgryn .....	2,7	4,5	7,4	0,0	6,7	6,7
Kjøtt, kjøttvarer og flesk .....	13,0	13,2	27,9	13,8	9,1	24,0
Fisk og fiskevarer .....	0,9	20,7	21,8	1,0	10,7	11,8
Mjøl, fløyte, ost og egg .....	12,9	3,3	16,7	11,7	-2,2	9,2
Heilmjøl .....	9,2	-9,0	-0,6	9,0	-11,3	-3,3
Skumma mjøl .....	18,0	-13,2	2,5	15,2	-13,2	0,0
Fløyte .....	9,0	4,0	13,4	9,7	4,0	14,1
Kvit ost .....	10,8	0,0	10,8	ca. 13,0	-3,2	9,4
Geitost .....	17,3	-3,6	13,1	ca. 17,7	-2,7	15,7
Egg .....	20,6	13,2	36,5	17,4	14,8	34,8
Spisefett og oljer .....	-6,4	18,5	10,9	-2,3	13,2	10,7
Smør .....	-1,7	6,4	4,6	6,0	1,6	7,7
Margarin .....	-8,9	18,8	8,2	-8,8	23,5	12,6
Majones .....	-9,0	10,2	0,3	-11,1	12,5	0,0
Grønnsaker, frukt og bær .....	3,6	16,0	20,3	8,6	8,7	18,0
Hovudkål .....	21,9	21,5	48,2	18,7	11,8	32,7
Blomkål .....	16,4	16,3	35,4	20,2	6,7	28,3
Gulrøtter .....	-10,3	14,4	2,6	-13,3	-3,2	-16,1
Kålrot .....	25,7	0,0	25,7	31,0	-2,0	28,4
Tomatar .....	-0,9	13,4	12,4	7,1	5,9	13,4
Appelsiner .....	8,6	9,0	18,4	5,1	21,0	27,2
Bananar .....	-1,5	11,7	10,0	-2,6	9,8	6,9
Jordbær .....	21,7	1,7	23,7	4,7	9,0	14,1
Poteter .....	32,1	-8,9	20,4	45,3	-18,0	19,1
Potetmjøl .....	5,2	9,7	15,8	8,6	11,1	20,7
Sukker .....	-37,0	-33,6	-59,5	-45,4	-36,4	-65,3
Kaffe .....	59,2	45,7	132,0	56,4	67,3	162,0
Spisesjokolade, drops o.l. ....	1,0	4,7	5,8	-1,6	6,4	4,7
Mineralvatn og brus .....	4,6	6,3	11,2	9,2	7,6	17,5
Ø1 .....	5,2	13,5	19,4	11,2	9,3	21,5

Ser vi på hovudgrupper av varer, er det også visse skilnader i prisutviklinga mellom FBU og KP. Grunnen til dette vil først og fremst vera at desse gruppene omfattar varer med til dels nokså ulik kilopris. Ei endring i samansetjinga av varene vil difor slå ut i FBU-prisane. Stort sett viser FBU noko sterkare prisauke enn KP frå 1975 til 1977. Gruppa Mjølkk, fløyte, ost og egg viser t.eks. 16,7 prosent prisauke i FBU, mens KP viser 9,2 prosent auke. Dette kan ha samanheng med at folk i 1977 kjøpte relativt meir fløyte, ost og egg enn i 1975. Dersom vi veg saman prisendringane for enkeltvarene i denne gruppa, viser FBU ein prisauke for heile gruppa på 10,5 prosent frå 1975 til 1977, mens KP som nemnt viser 9,2 prosent stigning. Ut frå dette synest også prisutviklinga for dei andre hovudgruppene å visa bra samsvar med KP.

#### 4. Konklusjon

Resultata av 1977-undersøkinga synest å føya seg greitt inn i rekkja av årlege forbruksundersøkingar. Det er ingen endringar i opplegget frå 1976. Fråfallet viser ein liten nedgang frå 1976 som det har gjort dei siste åra. Talet på personar pr. hushald er stort sett uendra etter skifte av utvalsplan i 1975. Forbruksutgiftene viser ein auke på 16,8 prosent i løpande prisar og 7,0 prosent i faste prisar frå 1976 til 1977. Dette er litt sterkare stigning enn i dei siste åra, og også litt høgare enn nasjonalrekneskapen viser. Men ei slik utvikling er ikkje uventa då FBU dei siste åra har vist litt lågare stigning enn NR.

Det er mange skilnader mellom FBU og NR i definisjonar og målemetodar. Likevel synest dei to statistikkene å visa nokså lik utvikling i forbruket over fleire år. FBU viser såleis ein auke på 66,6 prosent frå 1973 til 1977 mens NR viser 75,6 prosent. Denne skilnaden er ikkje statistisk sikker. Ser vi på endringa frå 1967 til 1977, viser FBU og NR om lag same vekst, respektive 225 og 214 prosent.

Når vi ser på enkelte mat- og drikkevarer, viser FBU prisendringar som ligg nokså nær tilsvarande endringar i konsumprisindeksen. Det er vanskelegare å samanlikna prisutviklinga for hovudgrupper av matvarer, men også desse synest å visa prisendringar som ikkje er så svært ulike tilsvarande endringar i konsumprisindeksen.

Tabell 8. Utgift i løpende kroner pr. år, etter vare- og tenestegruppe. 1958, 1967, 1973, 1974 (generelt utval), 1975, 1976 og 1977

Va- re- nr.	Vare- og teneste- gruppe	1958		1967		1973		1974		1975		1976		1977	
		Kr	Pst.												
	FORBRUKSUT- GIFT I ALT ..	11088	100,0	21000	100,0	36832	100,0	40876	100,0	43963	100,0	50387	100,0	58830	100,0
0	Matvarer .	4418	39,9	6208	29,6	8823	24,0	9302	22,8	9857	22,4	10988	21,8	11861	20,2
00	Mjøl, gryn og baker- varer ..	439	4,0	626	3,0	881	2,4	938	2,3	1004	2,3	1031	2,0	1090	1,9
01	Kjøtt, kjøtt- varer og flesk ..	922	8,3	1590	7,6	2300	6,2	2388	5,8	2420	5,5	2861	5,7	3216	5,5
02	Fisk og fiske- varer ..	305	2,7	498	2,4	701	1,9	748	1,8	726	1,7	801	1,6	776	1,3
03	Mjøl, fløyte, ost og egg ....	930	8,4	1186	5,6	1520	4,1	1538	3,8	1709	3,9	1890	3,8	1864	3,2
04	Spise- fett og oljer ..	298	2,7	288	1,4	361	1,0	405	1,0	399	0,9	361	0,7	398	0,7
05	Grønn- saker, frukt og bær ....	742	6,7	927	4,4	1373	3,7	1434	3,5	1685	3,8	1782	3,5	2018	3,4
06	Poteter og varer av	167	1,5	230	1,1	310	0,8	316	0,8	344	0,8	478	0,9	362	0,6
07	Sukker .	129	1,2	80	0,4	191	0,5	283	0,7	304	0,7	221	0,4	155	0,3
08	Kaffe, te, kakao og kokesjo- kolade .	274	2,5	344	1,6	483	1,3	523	1,3	486	1,1	675	1,3	972	1,7
09	Andre matvarer	213	1,9	439	2,1	703	1,9	729	1,8	780	1,8	887	1,8	1009	1,7
1	Drikkevarer og tobakk	445	4,0	857	4,1	1813	4,9	1948	4,8	1827	4,2	2135	4,2	2241	3,8
11	Drikke- varer ..	185	1,7	435	2,1	1084	2,9	1169	2,9	1123	2,6	1329	2,6	1531	2,6
12	Tobakk ..	261	2,3	423	2,0	729	2,0	779	1,9	704	1,6	806	1,6	711	1,2
2	Klede og skoty ....	1448	13,1	2586	12,3	3881	10,5	4173	10,2	4336	9,9	5006	9,9	5479	9,3
21	Kled- ningsar- tiklar .	939	8,5	1823	8,7	2844	7,7	3076	7,5	3115	7,1	3682	7,3	4058	6,9
22	Ty, garn o.a. ...	200	1,8	307	1,5	387	1,1	412	1,0	426	1,0	412	0,8	442	0,8
23	Skoty og skorepa- rasjonar	310	2,8	455	2,2	650	1,8	686	1,7	795	1,8	911	1,8	979	1,7
3	Bustad, lys og brensel ..	1513	13,6	2455	11,7	4746	12,9	5695	13,9	6386	14,5	7189	14,3	8730	14,8
31	Bustad og ved- like- haldsut- gifter .	847	7,6	1531	7,3	3447	9,4	4227	10,3	4862	11,1	5478	10,9	6694	11,4
32	Lys og brensel	665	6,0	924	4,4	1298	3,5	1468	3,6	1524	3,5	1711	3,3	2036	3,5

Tabell 8 (framh.). Utgift i løpende kroner pr. år etter vare- og tenestegruppe. 1958, 1967, 1973, 1974 (generelt utval), 1975, 1976 og 1977

Vare- og tenestegr. nr.	1958		1967		1973		1974		1975		1976		1977		
	Kr	Pst.	Kr	Pst.	Kr	Pst.	Kr	Pst.	Kr	Pst.	Kr	Pst.	Kr	Pst.	
4	Møblar og hushaldsartiklar ...	922	8,3	2020	9,6	3447	9,4	4127	10,1	4380	10,0	4851	9,6	5894	10,0
41	Møblar og golvteppe .....	157	1,4	513	2,4	1106	3,0	1283	3,1	1245	2,8	1529	3,0	1742	3,0
42	Tekstilar, utstyrsvarer og prydgjenstandar	133	1,2	324	1,5	508	1,4	729	1,8	860	2,0	839	1,7	1107	1,9
43	Komfyrar, kjøleskap og anna elektrisk utstyr .....	174	1,6	475	2,3	578	1,6	560	1,4	709	1,6	779	1,5	854	1,5
44	Dekkety, glas og kjøkkenutstyr .....	100	0,9	212	1,0	374	1,0	381	0,9	520	1,2	583	1,2	806	1,4
45	Diverse hushaldsartiklar og tenester ...	260	2,3	390	1,9	666	1,8	764	1,9	791	1,8	898	1,8	1065	1,8
46	Leid hjelp til heimen .....	97	0,9	105	0,5	215	0,6	410	1,0	256	0,6	224	0,4	320	0,5
5	Helsepleie .....	207	1,9	403	1,9	850	2,3	910	2,2	852	1,9	1147	2,3	1202	2,0
51	Helsepleie ....	207	1,9	403	1,9	850	2,3	910	2,2	852	1,9	1147	2,3	1202	2,0
6	Reiser og transport .....	747	6,7	3313	15,8	7181	19,5	7520	18,4	8075	18,4	9615	19,1	12075	20,5
61	Kjøp av transportmiddel ....	58	0,5	1328	6,3	2324	6,3	2110	5,2	2401	5,5	2790	5,5	4575	7,8
62	Drift og vedlikehald av transportmiddel	218	2,0	1124	5,4	3035	8,2	3573	8,7	3746	8,5	4367	8,7	5067	8,6
63	Bruk av offentlege transportmiddel ....	360	3,2	598	2,8	1228	3,3	1099	2,7	1258	2,9	1644	3,3	1539	2,6
64	Porto, telefon og telegram ...	111	1,0	264	1,3	594	1,6	738	1,8	670	1,5	814	1,6	894	1,5
7	Fritidssyslar og utdanning .....	722	6,5	1742	8,3	3585	9,7	4356	10,7	5000	11,4	5500	10,9	7322	12,4
71	Fritidsutstyr .	223	2,0	788	3,8	1616	4,0	2389	5,8	2665	6,1	3057	6,1	4281	7,3
72	Offentlege førestellingar og andre tenester .....	220	2,0	435	2,1	1035	2,8	1118	2,7	1224	2,8	1333	2,6	1511	2,6
73	Bøker, aviser og tidsskrift .	221	2,0	383	1,8	800	2,2	799	2,0	959	2,2	954	1,9	1347	2,3
74	Skolegang .....	59	0,5	135	0,6	133	0,4	49	0,1	152	0,3	155	0,3	182	0,3
8	Andre varer og tenester .....	666	6,0	1416	6,7	2506	6,8	2847	7,0	3250	7,4	3957	7,9	4026	6,8
81	Personleg hygiene .....	166	1,5	384	1,8	769	2,1	823	2,0	835	1,9	995	2,0	1050	1,8
82	Reiseeffektar .	77	0,7	292	1,4	473	1,3	551	1,3	685	1,6	805	1,6	816	1,4
83	Restaurantar, hotell og selskapsreiser ...	292	2,6	655	3,1	1093	3,1	1323	3,2	1540	3,5	1872	3,7	2098	3,6
84	Tenester fra finansinstitusjonar .....	42	0,4	9	0,0	39	0,1	31	0,1	75	0,2	173	0,3	8	0,0
85	Andre tenester	89	0,8	76	0,4	132	0,4	120	0,3	115	0,3	112	0,2	54	0,1
TALET PÅ HUSHALD ...		4793		5008		3363		936		1117		1173		994	
PERSONAR PR. HUSHALD .....		3,09		3,06		2,88		2,97		2,78		2,81		2,82	


## Utgitt i serien Rapportar frå Statistisk Sentralbyrå

- Nr. 79/2 Det norske nasjonalregnskapet Dokumentasjonsnotat nr. 7 Sektorberegninger for samferd-  
selssektorene og reparasjon av kjøretøyer m.v. ISBN 82-537-0968-4
- " 79/3 Undersøkelse av renholdsbedrifter 1977 ISBN 82-537-0969-2
- " 79/4 Deltidsundersøkelsen 1978 ISBN 82-537-0970-6
- " 79/5 Boligutgiftsbegrepet i forbruksundersøkelsene En metodestudie ISBN 82-537-0971-4
- " 79/6 MAFO-Makromodell for folketrygden En skisse av en budsjettmodell ISBN 82-537-0972-2
- " 79/8 Det norske nasjonalregnskapet Dokumentasjonsnotat nr. 14 Sektorberegninger for fiske  
og fangst ISBN 82-537-0977-3
- " 79/13 Forbruksundersøkinga 1967 - 1977 samanlikna med nasjonalreknskapen ISBN 82-537-1001-1



Pris kr 9,00

Publikasjonen utgis i kommisjon hos H. Aschehoug & Co. og  
Universitetsforlaget, Oslo, og er til salgs hos alle bokhandlere.



ISBN 82-537-1001-1